

1. Uttrykket «Die norwegischen Streitkräfte zu Land, zu Wasser und in der Luft» vart endra til «gesamten norwegischen Streitkräfte».

2. Denne endringa vart utført av dei tyske forhandlarane i Trondheim i aller siste liten, etter kl. 22.15 den 9. juni, altså etter at utkastet var ferdigdiskutert i v. Falkenhorsts stab i Oslo.

3. Endringa må ha ei forklaring.

4. Forklaringa må liggja i at dei tyske forhandlarane har fått nye opplysningar, som førde med seg at teksten måtte endrast.

5. Det er sannsynleg at dei nye opplysningane har kome frå dei norske forhandlarane. Hamsun skriv rett nok berre «Det kan tenkes at...» men han gir ingen andre forklaringar, — og det er heller ikkje lett å finna slike.

Derefter tilbyr Hamsun denne tolkinga: Endringa kai vera «en følge av de norske forhandleres opplysning om at norske sjø- og luftstridskrefter hadde forlatt landets».

Vel i så fall er vi enige om ei ting til: avtaleteksten vart endra fordi dei tyske forhandlarane nå kjende til at avtalen ikkje kunne gjelde for alle norske styrkar. Det faust nemleg styrkar som verken dei norske forhandlarane eller ved-komande tyske instansar hadde kontroll over, og som dei difor heller ikkje kunne gjera avtale om.

Dette er poenget.

Men det er ikkje alt.

Dei norske forhandlarane gav ei rekke opplysningar som Hamsun ikkje nemner, nemleg at med desse stidskreftene hadde Norges Konge og Regjering forlate landet at dei norske forhandlarane berre hadde fullmakt til å ordna avvikling av dei stridskreftene som var att i landet at Konge og Regjering hadde til formål å fora krigen vidare også etter at stri- den i Nord-Norge var innstilt.

Dette er nå så klårt dokumentert, både med tyske og norske aktstykke, at ein ikkje berre kan utelata det, slik som Hamsun har gjort.

Min konklusjon er difor denne: Dei tyske forhandlarane endra teksten fordi det ville vera tom snakk å drafta total kapitulasjon, når dei nettopp hadde fått opplyst at Norge ikkje kapitulerde, og når dei heller ikkje hadde makt-middel til å tvinga fram ein total kapitulasjon.

Oslo. 3. februar.  
Magne Skodvin.